

Norges vassdrags-og energidirektorat,
V / Marthe Pramli,
Postboks 5091 , Majorstuen,
0301 Oslo.

Sendt som e-post til mcpr@nve.no

Høyringsuttale til utbygginga av Løkjelsvatnet kraftverk i Etne kommune.

Fagrådet for Etnevassdraget er eit rådgjevande organ i forvaltninga av m.a. fiskeresursane og grunneigarane si utnytting av vassdraget også i samband med t.d. fiske og fisketurisme. Rådet består av medlemmer frå grunneigarane / fiskerettshavarane , ålmenta er representert ved den lokale jeger og fiskeforening, og ein representant kjem frå kommunen.

Som verna vassdrag og nasjonalt laksevassdrag har Etnevassdraget krav på særskild vern både i utbyggingsperioden og i framtidig drift av kraftverket. Vassdraget er blant dei viktigaste vassdraga for laks og sjøaure på heile Vestlandet , og er ein av kommunens største attraksjonar. Sjørelva utgjer nær 6 km. av vassdragets 13 km. fiskbare del nedstraums Storedalsvatnet og Litledalsvatnet.

Tiltak som påverkar Sjørelva har også verknader i den nedre del av elva frå samløpet til sjøen.

Det er avgjerande viktig at minstevassføringa som framgår av søknaden vert fastsett til minimum 1,5 m³./sek. heile året, og vidare at målepunktet vert oppstraums samløpet med Kaldheimselva.

Når det gjeld avbøtande tiltak vert det i søknaden peika på ein del generelle mulige tiltak.

Me vil peika på viktigheten av å hindre effektkjøring for å unngå strandingsfaren , og verdien av biotopførebyggande tiltak.

Me støttar forslaga om avbøtande tiltak som framgår av søknadens punkt 8.4 , men her må det likevill stillast heilt tydelege og presise krav om tiltak som må inn i ein miljøplan som m.a. beskriv dei ulike tiltaka på ulike stader i elva , og ein frist for gjennomføring.

Etne 28. oktober 2016.

Fagrådet for Etnevassdraget

Vidar Børretzen

leiar

Håvard Kambo

sekretær